

## Tabell E-fk

### Kriteriedata for fylkeskommunane 2019

Tabell E-fk viser kriteriedata som ligg til grunn for berekninga av indeksverdiane som er vist i tabell D-fk.

Rindal kommune overførast frå Møre og Romsdal fylkeskommune til Trøndelag fylkeskommune 1. januar 2019. Det er i hovudsak teke omsyn for dette ved berekninga av rammetilskot til fylkeskommunane i 2019. For kriteriedata for fylkesveggar der ein nyttar tal frå Statens vegvesen sin berekningsmodell, MOTIV, samt reiseavstand og elevar i statlege og private skular, har det på grunn av kort tid mellom vedtak og verknad av grensejusteringa ikkje vore mogeleg å ta omsyn til grensejusteringa. Det gis ei forklaring for dei kriteria der grensejusteringa er innarbeidd, om korleis dette er gjort.

### Kolonne 1 – Innbyggjartal per 1. januar 2018

Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB). Talet på innbyggjarar som er busette i Rindal kommune per 1.1.2018 har blitt overført frå Møre og Romsdal til Trøndelag.

### Kolonne 2 – Innbyggjartal per 1. juli 2018

Tal frå SSB. Det er noko avvik mellom innbyggjartala per 1. juli 2018 i tabell E og dei offisielle innbyggjartala for andre kvartal som er publiserte på heimesida til Statistisk sentralbyrå. Årsaka til avviket er at innbyggjartala i kriteriedata i inntektssystemet inneheld korleksjonar gjort etter 1. juli. Tala inkluderer dermed etterregistreringar av flytting, fødsjar og dødsfall.

Talet på innbyggjarar som er busette i Rindal kommune per 1.7.2018 har blitt overført frå Møre og Romsdal til Trøndelag.

### Kolonnane 3–7 – Innbyggjartal per 1. juli 2018 fordelt etter alder

Tal frå SSB. Talet på innbyggjarar som er busette i Rindal kommune per 1.7.2018 har blitt overført frå Møre og Romsdal til Trøndelag.

### Kolonne 8 – Innbyggjarar 6–34 år, skalert (ut over 32 pst.)

Talet på innbyggjarar 6–34 år er skalert om til å telje innbyggjarar 6–34 år ut over ein fastsett minstedel. Minstedelen er sett til litt i underkant av delen til fylkeskommunen som hadde lågast verdi på delen innbyggjarar 6–34 år ved omlegginga av inntektssystemet i 2015, dvs. 32 pst.

Den skalerte verdien kjem fram på følgjande måte:

$$[((\text{Innbyggjarar 6-34 år})/(\text{Innbyggjarar i alt})) - 0,32] * (\text{Innbyggjarar i alt})$$

$$\text{Eller: } [((\text{kol. 7})/(\text{kol. 2})) - 0,32] * (\text{kol. 2})$$

Det er teke omsyn til at busette i Rindal kommune per 1.7.2018 har blitt overført frå Møre og Romsdal til Trøndelag.

### **Kolonne 9 – Personar med psykisk utviklingshemming 18 år og over**

Personar med psykisk utviklingshemma 18 år og over i 2017. Tal frå Helsedirektoratet. Talet på personer med psykisk utviklingshemming 16 år og over busette i Rindal kommune er overført frå Møre og Romsdal fylkeskommune til Trøndelag fylkeskommune. Tal frå SSB/KOSTRA.

### **Kolonne 10 – Søkjarar til utdanningsprogram med høge kostnader**

Primærsøkjarar 16 år eller yngre per 1. mars til vidaregåande trinn 1, yrkesfaglege utdanningsprogram inkl. utdanningsprogram for musikk, dans og drama. Gjennomsnitt for skuleåra 2016/2017, 2017/2018 og 2018/2019. Tal frå Kunnskapsdepartementet/Utdanningsdirektoratet.

### **Kolonne 11 – Reiseavstand i km**

Samla reiseavstand i km for innbyggjarane til sonesenter, innanfor soner på 11 000 innbyggjarar, 2011. Tal for samanslåtte Trøndelag fylkeskommune er berekna med tilsvarende metode og med same befolkningstal som blei brukt i den opphavslege berekninga i 2011. Tal frå SSB/Geodata.

### **Kolonne 12 – Kilometer offentleg veg**

Offentleg veg i kilometer, 2017. Tal frå SSB/KOSTRA. Tala er berekna som summen av kommunale, fylkeskommunale og riks-/europavegar i tabell 11842 i KOSTRA/Statistikkbanken.

Summen av lengde på kommunal og fylkeskommunal veg i Rindal kommune er blitt overført frå Møre og Romsdal til Trøndelag.

### **Kolonne 13 – Innbyggjarar per kilometer offentleg veg**

Innbyggjarar per kilometer offentleg veg er berekna ved å dividere innbyggjarar per 1. juli 2018 (kol. 2) med kilometer offentleg veg (kol. 12).

Det er teke omsyn til overføringa av området Rindal kommune frå Møre og Romsdal fylkeskommune til Trøndelag fylkeskommune.

### **Kolonne 14 – Innbyggjarar per km offentleg veg, skalert (ut over 17)**

Innbyggjarar per km offentleg veg er skalert om til å telje innbyggjarar per km offentleg veg ut over ein minsteverdi. Minstedelen er sett til litt i underkant av delen til den fylkeskommunen som hadde den lågaste verdien på innbyggjarar per km offentleg veg ved omlegginga av inntektssystemet i 2015, dvs. 17.

Den skalerte verdien kjem fram på følgjande måte:  
((Innbyggjarar i alt)/(Offentleg veg i km)) – 17

Eller: ((kol. 2)/(kol. 12)) – 17

Det er teke omsyn til overføringa av området Rindal kommune frå Møre og Romsdal fylkeskommune til Trøndelag fylkeskommune.

### **Kolonne 15 – Innbyggjarar busette spreidd**

Innbyggjarar busette spreidd, per 1. januar 2017. Det er teke omsyn til overføringa av området Rindal kommune frå Møre og Romsdal fylkeskommune til Trøndelag fylkeskommune. Tal frå SSB.

### **Kolonne 16 – Innbyggjarar busette spreidd, skalert (ut over 0,002)**

Innbyggjarar busette spreidd er skalert om til å telje innbyggjarar busette spreidd ut over ein minstedel. For delen innbyggjarar busette spreidd er minstedelen sett til litt i underkant av delen til den fylkeskommunen som hadde den lågast verdien på kriteriet ved omlegginga av inntektssystemet i 2015, dvs. 0,002.

Den skalerte verdien kjem fram på følgjande måte:

$$[((\text{Innbyggjarar busette spreidd})/(\text{Innbyggjarar i alt})) - 0,002] * (\text{Innbyggjarar i alt})$$

Eller: 
$$[((\text{kol. 15})/(\text{kol. 2})) - 0,002] * (\text{kol. 2})$$

Det er teke omsyn til overføringa av området Rindal kommune frå Møre og Romsdal fylkeskommune til Trøndelag fylkeskommune.

### **Kolonne 17 – Kystlinje i alt (km)**

Kystlinje i alt. Beregnet sum basert på summen av total kystlinje (kystlinje øyer og kystlinje fastland) i målestokk 1:5000. Ny berekning av kystlinje ble utført av Kartverket i 2017 etter bestilling frå departementet. Aukinga i talet på kilometer kystlinje på landsbasis skyldast eit høgare detaljnivå i datagrunnlaget enn det som har blitt nytta før. Tal frå Kartverket.

### **Kolonne 18 – Tal på skulereiser med ferje**

Tal på skulereiser (grunnskule og vidaregåande skule) med ferje i 2017. Tal frå SSB/KOSTRA.

### **Kolonne 19 – Tal på skulereiser med båt**

Tal på skulereiser (grunnskule og vidaregåande skule) med båt i 2017. Tal frå SSB/KOSTRA.

### **Kolonne 20 – Tal på båtreiser i alt**

Tal på båtreiser (passasjerar) i alt i 2017. Tal frå SSB/KOSTRA.

### **Kolonne 21 – Normerte ferjekostnader**

Normerte ferjekostnader i mill. kroner for fylkeskommunale ferjesamband og bilførande båtruter i heilårsdrift i 2016, med ein årsdøgntrafikk på 10 personbileiningar eller meir (ÅDT PBE). Kilde: Møreforskning Molde rapport nr. 1701, sambandsbasert modell.

Dei normerte ferjekostnadene for to ferjesamband i Trøndelag er berekna på nytt pga. feil i grunnlagsdata som blei brukt i Møreforsknings rapport. Som ei følgje av dette er dei normerte kostnadene for Trøndelag justerte opp med 24,4 mill. kroner samanlikna med tala i rapporten. Vidare er tala for normerte kostnader i rapporten korrigererte for kravet om ein årsdøgntrafikk på

10 PBE eller meir, jf. Prop. 128 S (2016–2017). Tre ferjesamband med ein ÅDT PBE som er lågare enn 10 er tekne ut av dei normerte ferjekostnadene, medan tre bilførande båtruter med ein ÅDT PBE som er høgare enn 10 er inkluderte i kriteriet.

Troms fylkeskommune får frå 2019 ferjeavløysingsmiddel for nedlegging av sambandet Grytøy-Sandsøy-Bjarkøy. Samstundes tas dette ferjesambandet som skal avløysast ut av utgiftsutjamninga og dermed kriteriedata for normerte ferjekostnader. Normerte ferjekostnader for alle andre samband og fylkeskommunar er uendra frå 2018 til 2019.

### **Kolonne 22 – Veglengde fylkesveg**

Fylkesveglengde inkl. gang- og sykkelvegar i kilometer, per mai 2018. Tal frå Vegdirektoratet/MOTIV.

### **Kolonne 23 – Vedlikehaldsbehov**

Berekna vedlikehaldsbehov på fylkesvegnettet i 1 000 2017-kroner, per mai 2018. Tal frå Vegdirektoratet/MOTIV. Berekninga tar utgangspunkt i handbok R610 Standard for drift og vedlikehald av riksveger, mengder frå Nasjonal vegdatabank (NVDB) og bruforvaltningssystemet Brutus og prisar frå kontraktar og frå ressursanalysar. Frå og med kriteriedata for 2018 er kostnader til utskifting av tyngre utstyr i tunnelar inkludert i berekninga av vedlikehaldsbehovet. Det er ein føresetnad for modellen at fylkeskommunane overheld standarden, så modellen tar ikkje omsyn til vedlikehaldsetterslep. Drift- og vedlikehaldskostnadene blir berekna på grunnlag av:

- Inspeksjon, reinhald og andre driftsoppgåver – frekvensen fylgjer av for eksempel årsdøgntrafikk (ÅDT) og om ein bruker salt i vintervedlikehaldet
- Reparasjon/vedlikehald: basert på erfaring, kan variere med for eksempel vegtype og ÅDT (årsmiddeldøgntrafikk).
- Utskifting: ut frå informasjon frå leverandørar og erfaring estimerer Vegdirektoratet ei levetid for objektet. For eksempel: dersom estimert levetid for eit objekt er 20 år og kostnadene til å byte ut objektet er 100 000 kroner, vil Motiv berekne ein årskostnad på 5 000 kroner kvart år.
- Kostnader til trafikkavvikling inngår etter handbok N301 Arbeid på og ved veg.

### **Kolonne 24 – Fylkesvegfaktor for drift og vedlikehald**

Fylkesvegfaktor for drift og vedlikehald av fylkesvegar blir rekna ut ved å dividere berekna vedlikehaldsbehov (kol. 23) med fylkesveglengde (kol. 22). Hedmark har lågaste verdi og får ein faktor på 1,0000. Faktoren til dei andre fylkeskommunane er uttrykt relativt til Hedmark. For Oslo er fylkesvegfaktoren eit vege gjennomsnitt mellom ein faktor på 10,21 for 35 km veglengde som blei overført i samband med forvaltningsreforma og ein faktor på 4,0 for 278 km normert vegnett.

### **Kolonne 25 – Fylkesvegfaktor \* fylkesveglengde**

Fylkesvegfaktor (kol. 24) multiplisert med fylkesveglengde (kol. 22) gir kriterieverdien for kriteriet "Fylkesvegfaktor drift og vedlikehald".

**Kolonne 26 – Elevar i statlege og private vidaregåande skular, vanleg undervisning**

Tal på elevar i statlege og private skular i vidaregåande opplæring som får vanleg undervisning. Gjennomsnittleg elevtal per 1. oktober 2017 og 1. april 2018.

**Kolonne 27 – Elevar i statlege og private vidaregåande gartner- og landbruksskular**

Tal på elevar i statlege og private gartner- og landbruksskular i vidaregåande opplæring. Gjennomsnittleg elevtal per 1. oktober 2017 og 1. april 2018.

**Kolonne 28 – Elevar i statlege og private vidaregåande spesialskular**

Tal på elevar i statlege og private spesialskular. Med spesialskular meiner ein her vidaregåande skular innanfor systemet til Statped og/eller frittstående helsepedagogiske vidaregåande skular. Gjennomsnittleg elevtal per 1. oktober 2017 og 1. april 2018.

**Kolonne 29 – Elevar i statlege og private vidaregåande spesialskular, med opphald**

Tal på elevar i statlege og private spesialskular som òg bur ved skulen. Med spesialskular meiner ein her vidaregåande skular innanfor systemet til Statped og/eller frittstående helsepedagogiske vidaregåande skular. Gjennomsnittleg elevtal per 1. oktober 2017 og 1. april 2018.